



25 år med Tsjernobyl: Mottiltak er framleis nødvendige for å halde stråledosane til reindriftsutøvarane under tilrådte grenser

Styresmaktene sitt mål var at ingen skulle få stråledosar over 5 mSv det fyrste året etter Tsjernobyl-ulykka, og ikkje over 1 mSv per år i åra etterpå. Stråledosane til reindriftsutøvarane i dei mest forureina områda i Nord-Trøndelag og Nordland ville vore rundt 10 mSv i året på det meste utan alle tiltaka som vart sett i gang. Frå 1986 til 2009 vart stråledosane til reindriftsutøvarar i Snåsa-regionen reduserte med totalt ca. 70 %, og i Røros-regionen med ca. 40 %.





Måling av radioaktivitet i personar i Strålevernet sitt mobile laboratorium på Røros 2011 (Foto: Geir Tønset, Adresseavisen)

Høg tiltaksgrense – ikkje for storkonsumentar av reinkjøtt

I løpet av sommaren og hausten 1986 viste det seg at reindrifta i Midt- og Sør-Noreg var hardt ramma av Tsjernobyl-nedfallet, og det meste av reinkjøttet produsert sør for Saltfjellet vart kassert. For å gjere det mogleg med reindrift, og for å verne sørsamisk kultur, vart tiltaksgrensa for radioaktivt cesium i reinkjøtt sett opp frå 600 til 6000 becquerel per kg (sidan 1994 har grensa vore 3000 Bq/kg). Frå eit strålevernssynspunkt var dette forsvarleg i og med at nordmenn i gjennomsnitt et lite reinkjøtt. Samstundes var det klart at personar med høgt konsum av reinkjøtt, særleg reindriftsutøvarar, ikkje burde ha 6000 Bq/kg i sin basiskost. Derfor vart det utarbeidd kosthaldsråd for denne gruppa, og det vart starta opp målingar og overvaking av stråledosar til reindriftsutøvarane.

Fleire effektive tiltak

Omtrent 90 % av cesium-inntaket til reindriftsutøvarane kjem frå reinkjøtt. Resten kjem frå skogsopp, ville bær, vilt og ferskvassfisk. Tiltaka som reindriftsutøvarane har brukt for å redusere inntaket av radioaktivt cesium har endra seg med åra. Dei fyrste åra var det fleire som hadde lågare kjøttkonsum, fjerna forureining i kjøttet gjennom t.d. koking (og kasting av kraft), og som fôra ned reinen til eige hushald. Behova for tiltak er redusert etter kvart som forureininga i reinen på beite har blitt mindre (sjå StrålevernInfo 5:11). Dei vanlegaste tiltaka i dag er val av lite forureina rein til eige hushald (etter måling av levande dyr i samband med slakting) og nedfôring.




Observerte og sparte stråledosar frå radioaktivt cesium til reindriftsutøvarar. Det raude området indikerer kva gjennomsnittsdosane ville vore utan tiltak, mens det grøne område viser gjennomsnittlege stråledosar estimert ut frå målingar av personane. “Snåsa-regionen” er reinbeitedistrikta Skjækerfjell, Luru, Østre Namdal og Børgefjell, og “Røros-regionen” er distrikta Elgå, Essand og Riast/Hylling.

Stadig behov for tiltak i Snåsa-regionen

Dei vedvarande og relativt høge cesium-konsentrasjonane i reinsdyr i Snåsa-regionen (sjå StrålevernInfo 5:11) gjer at mottiltak framleis vil vere viktig i mange år for at ingen skal få stråledosar over 1 mSv/år.

Forventar ikkje helsekonsekvensar

Ut frå den kunnskapen vi har i dag er det ingen grunn til å tru at det vil bli auka kreftførekost i reindriftsutøvarar i Noreg pga. radioaktiv forureining. Ein studie av kreftførekost i den nordsamiske befolkninga i Noreg for perioden 1970-1997 fann ikkje auke i nokon kreftform. Derimot var det betydeleg lågare kreftfrekvens i den samiske befolkninga enn i anna befolkning i området og i resten av landet. Dette er i samsvar med tilsvarande undersøkingar i Sverige og Finland. Moglege årsaker til lågare kreftførekost inkluderer både sunt kosthald, relativt mykje fysisk aktivitet og genetiske fortrinn.



Konsentrasjonar av cesium-137 i reindriftsutøvarane rundt Snåsa og Røros saman med konsentrasjonar i reindriftsutøvarar andre stader i Noreg og Sverige tilbake til 1960-talet (Snitt for kvinner og menn)